

Årsberetning 2010

Rehabiliteringssenteret AiR A/S

Om verksemda

Verksemda arbeider i spesialisthelsetenesta innan fagfeltet arbeidsretta rehabilitering. AiR er eit ikkje-kommersielt aksjeselskap og er godkjent av skattedirektoratet som ideell organisasjon.

Målsetjinga er å hjelpe brukarar til ein betre funksjon slik at dei kan få tilbake arbeidsevna. I tillegg skal selskapet ivareta oppgåver knytt til forskning, kompetanseformidling og utdanning av helse- og attføringspersonell. AiR er organisert i to produksjonseiningar: AiR-klinikk og AiR- Nasjonalt kompetansesenter for arbeidsretta rehabilitering. Serviceavdelingane yter tenester til begge einingane. Selskapet blir drive i egne lokale i Vinje kommune.

Framleis drift

I samsvar med rekneskapsloven § 3-3a stadfestast det at føresetnaden om at drifta skal halde fram er til stades og årsrekneskapsloven for 2010 er såleis utarbeidd under denne føresetnaden.

Framtidig utvikling

Marknadsutviklinga er god med utgangspunkt i det nasjonale fokuset på sjukefråver og arbeidsretta tiltak. AiR si verksemd blir likevel i stadig høgare grad prega av forsterka konkurranse. Dette må møtast med dokumentert kvalitet, kontinuerleg forbetring og effektivisering av drifta.

Kommentar til årsrekneskapsloven

Styret er tilfreds med resultatet av verksemda i 2010.

Omsetnaden ved AiR auka frå kr. 53.968.517,- i 2009 til kr. 57.292.696,- i 2010. Det positive årsresultatet er eit resultat av streng kostnadskontroll og effektivisering av drifta gjennom auka kapasitet. Årets resultat er i år vesentleg påverka av resultatført planendring knytt til stortingsvedtak om tenestepensjon. Endringa utgjer kr. 2.833.858 i betre resultat for selskapet i år.

Eigenkapitalen pr 31.12.2010 var 25,55 % av totalkapitalen.

Dei samla investeringane i 2010 var kr. 13.668.440,-. Av dette utgjer eige arbeid kr.455.500,-. Investeringane har i hovudsak vore knytt til nybygg i samband med utviding av stoge/møterom/kontorfløy.

Selskapet sin likviditetsbeholdning var kr. 11.900.000,- per 31.12. Selskapet sin evne til eigenfinansiering av investeringar er tilfredsstillande.

Kontantstraumanalysen er utarbeidd med basis i indirekte metode. Dette inneberer at vi deler kontantstraumane i ulike aktivitetar.

Analysen viser mellom anna at selskapet har finansiert kr 7 899 622 av årets investeringar i driftsmidlar over ordinær drift.

Selskapets kassekreditt-limit inngår ikkje i likviditetsbeholdninga.

Styret meiner at årsrekneskapsloven gjev eit rettvisst bilete av AiR sine eigendelar, gjeld, finansielle stilling og resultat.

Finansiell risiko

Overordna målsetting og strategi

Selskapet er eksponert for risiko på ulike områder. På kort sikt er Nav sin faktiske bruk av inngått avtale med AiR den mest kritiske faktor.

Kredittrisiko

Risikoen for tap på fordringar er vurdert som låg.

Likviditetsrisiko

Selskapet vurderar likviditeten som god.

Arbeidsmiljø / ytre miljø

Styret vurderar arbeidsmiljøet og den generelle trivnaden på arbeidsplassen som god. Det er ikkje iverksett særlege tiltak. Sjukefråveret var totalt på 4,0 %. Det har ikkje vore yrkesskadar i 2010.

Arbeidsmiljøutvalet har hatt regelmessige møter i 2010.

Aktiviteten i selskapet ureinar ikkje det ytre miljø.

Samarbeidet med dei tillitsvalde har vore konstruktivt og bidrege positivt til drifta.

Likestilling

Bedrifta har 72 tilsette, ein auke på 0 frå 2009. Av desse er 51 kvinner. Styret har 6 medlemmer, av desse er 3 kvinner. 3 av 8 medlemmer i leiargruppa er kvinner. Selskapet har ikkje funne det nødvendig å iverksette spesielle tiltak i høve likestilling.

Diskriminering

AiR har som mål å vera ein arbeidsplass der det ikkje førekjem diskriminering i høve etnisitet, religion eller funksjonsnivå. Selskapet arbeider aktivt for å tilrettelegge dei fysiske tilhøva med sikte på universell utforming. Det er utarbeidd ein eigen tilgjengelegheitsplan. Planen bygger på prinsippa for universell utforming av fysiske omgjevnader og beskriv noverande tilgjengelegheit og planlagde forbetringar.

Brukarmedverknad

AiR har i 2010 etablert eit eige brukarutval med mandat å ivareta brukarinteressene.

Brukerrepresentanten i styret for selskapet er leiar i dette utvalet. Utover dette er det sett i verk ei rad tiltak for å ivareta brukarmedverknad både på system- og individnivå.

Resultat

AiR hadde i 2010 742 brukarar, av desse 61 tilvist frå NAV, 91 "raskere tilbake" Helse Sørøst RHF og 590 ordinær avtale Helse Sørøst RHF. Grunna innføring av arbeidsavklaringspengar midt i året er ikkje statistikken samanliknbar med tidlegare år. Talmateriale tyder likevel på at prosentdelen tilbakeført til yrkesaktivitet held seg stabil og høg.

Forskning og utvikling

AiR har hatt ein vekst i aktivitet knytt til funksjonen som Nasjonalt kompetansesenter i 2010.

Arbeidsoppgåvene er å vidareutvikle faget arbeidsretta rehabilitering gjennom forskning, fagutvikling, formidling og nettverksbygging.

Kvalitetsarbeid

AiR arbeider kontinuerleg med å utvikle og kvalitetssikre verksemda.

Kvalitetssystemet ved AiR er sertifisert etter ISO-9001-2008 standard. AiR er i 2010 også akkreditert etter CARF-standard. Denne standarden er rekna som den høgaste internasjonale akkrediteringa innan rehabiliteringsfeltet. AiR blei akkreditert for 3 år innan programmet Occupational Rehabilitation Programs – Comprehensive services (Adults)

Utbygging av anlegget

Ny romfløy var ferdigstilt ved årsskiftet 2009/2010. Dette inneber at kapasiteten er auka frå 51 til 71 brukarar. 12 av dei nye romma har HC-standard. Det er i løpet av 2010 sett i gang ei ytterlegare utbygging på ikring 600 m². Denne utbygginga blir ferdigstilt i februar 2011. Dette vil samla sett gjera AiR i stand til å ta hand om både fleire brukarar og fleire tilsette på ein god måte.

Årsresultat og disponering

Styret gjer framlegg om fylgjande disponering av årsresultatet:


Overføring til annan eigenkapital kr. 8.953.128,-.


Selskapet har etter aksjeloven ikkje fri eigenkapital, i og med at vedtektene seier at det ikkje kan betalast ut utbytte.


Sluttord frå styret


Styret vil takke dei tilsette for innsatsen i 2010 og vil gratulere med både det faglege og det økonomiske resultatet.


Rauland, den 22.03.2011



Rolf-Helge Grønås
Leiar i styret



Jan Otto Risebrobakken
Styrets nestleiar


Svein Henriksen
Styremedlem


Gerd Kristiansen
Styremedlem


Liv Sigrún N Midtun
Styremedlem


Åse Hylland
Styremedlem


Svein Kostveit
Direktør